



DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets President

Karl Johansgate 22  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/68-2

14. januar 2019

**Svar på spørsmål nr. 679 til skriftleg svar frå stortingsrepresentant Eirik Sivertsen til samferdselsminister Jon Georg Dale**

**Spørsmål:**

I svar til stortingsrepresentant Øystein Lanqholm Hansen 20.12.2018 opplyser samferdselsministeren at det er gjort unntak fra avstandskravene på postlevering for 115 husstander og virksomheter på landsbasis i løpet av 2018. Kan statsråden gi en oversikt over i hvilke fylker, på hvilke postnummer og om det er husstand eller virksomhet disse unntakene er gjort?

**Svar:**

Brevvolumet er redusert med over 60 prosent sidan 1999, og det er forventa ein reduksjon på nesten 60 prosent også mellom 2018 og 2025. Fallet i brevvolumet har eskalert dei siste 2-3 åra til over 10 prosent årleg. Folk, verksemder og offentleg sektor vel å kommunisere raskare og meir effektivt digitalt, noko som gir mange gevinstar for det norske samfunnet. Men det gir også store utfordringar for leveringspliktig tilbydar, fordi det inneber raskt og sterkt fallande inntekter. I lys av dette må regelverket legge til rette for kostnadseffektiv omdeling, samstundes som det må sikre grunnleggande rettar for postmottakarane.

Med heimel i postloven og postforskriften kan det gjerast unntak frå reglane om plassering av postkassar for inntil 11 000 husstandar og næringsverksemder på landsbasis når særleg spreidd busetnad eller næringsverksemd gjer utlevering urimeleg kostnadskrevjande. Eg viser i den samanheng til omtalar i Prop. 131 S (2016-2017) *Nokre saker om administrasjon, veg, jernbane og post og telekommunikasjonar*, jf. Innst. 472 S (2016-2017) og Prop. 109 L (2014-2015) *Lov om posttjenester*, jf. Innst. 314 L (2014-2015).

Posten Norge AS opplyser at det var ein feil i oversikta som blei send departementet like før jul i 2018. Feil tal blei difor opplyst i svaret til representanten Langholm Hansen. Posten opplyser no at det korrekte er at unntaka som er godkjende i 2018 omfattar **129** husstandar og **9** verksemder.

Oversikta over kvar desse 129 husstandane og 9 verksemdene er når det gjeld fylke og postnummer følgjer her:

<b>Fylke</b>	<b>Postnummer</b>	<b>Poststed</b>
Troms	9141	Mjølvik
Troms	9182	Seglvik
Troms	9184	Reinfjord
Troms	9185	Spildra
Troms	9424	Kjøtta
Troms	9427	Meløyvær
Nordland	8447	Lonkan
Nordland	8447	Lonkan
Nordland	8414	Hennes
Nordland	8189	Gjersvikgrenda
Nordland	8880	Bærøylvågen
Nordland	8185	Vågaholmen
Aust-Agder	4985	Vegårshei
Rogaland	4208	Saudasjøen
Rogaland	4237	Suldalsosen
Vest-Agder	4580	Lyngdal
Sogn og Fjordane	6967	Hellevik i Fjaler
Hordaland	5680	Tysnes
Hordaland	5476	Gjetingsdalen
Hordaland	5690	Lundegrend
Rogaland	4380	Hauge i Dalane
Rogaland	4443	Tjørheim
Rogaland	4387	Bjerkreim
Rogaland	4389	Vikeså
Sogn og Fjordane	5966	Eivindvik
Sogn og Fjordane	6848	Fjærland
Sogn og Fjordane	6855	Frønningen
Sogn og Fjordane	6993	Høyanger
Aust-Agder	4910	Lyngør
Sogn og Fjordane	6899	Balestrand
Sogn og Fjordane	6885	Årdalstangen
Hordaland	5994	Vikanes

Totalt tal på unntak i 2018 blir rapportert årleg til Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit innan utgangen av første kvartal. Ved utgangen av 2017 var det gjort unntak for totalt i overkant av 9 900 husstandar og verksemdar, ifølgje Posten. Rundt 70 prosent av desse unntaka var i ein avstand på under 500 meter frå eigedomsgrensa og over 90 prosent under 1 kilometer frå grensa. Rapporten for 2018 er ikkje klar enno, men totalt tal på unntak ligg truleg på om lag 10 000.

Posten opplyser at selskapet vurderer alternative løysingar før unntak blir godkjende og sette i verk, og at postmottakarane som er omfatta blir inviterte til å foreslå andre leveringspunkt som då vil bli vurderte av Posten. Eg er glad for at selskapet legg opp til god informasjon og dialog for å undersøke om det finst alternative løysingar og er opne for innspel frå postmottakarane.

Innanfor det til ei kvar tid gjeldande regelverk står selskapet fritt til å organisere si drift. Det er nødvendig for å kunne møte dei store utfordringane digitaliseringa gir for postverksemda på ein måte som legg til rette for eit godt posttilbod også i framtida.

Med helsing

Jon Georg Dale